

Sakshandsamar:

Astrid Lernes
E-post: astrid.lernes@sfj.no
Tlf.: 92022176

Vår ref.

Sak nr.: 17/998-29
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

45326/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.11.2017

Notat

Frå: Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet, møte 4. desember 2017

FU-sak 130/17 - tilleggsnotat

Fylkesrådmannen vil med dette orientere om at Statens vegvesen (SVV) i brev, datert 23.11.17, har varsla fylkeskommunen om at investeringsprosjektet fv. 60 Ugla –Skarstein vil ha ei innsparing på 27 mill. kr. Brevet frå SVV følger som vedlegg.

I framlegg til investeringsprogram har prosjektet ei løyving på til saman 31 mill. kr fordelt på åra 2018/2019. Ut frå SVV sine opplysningar er behovet no ei løyving på 4 mill. kr i 2018.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det ikkje vert gjort noko endring i løyvinga til prosjektet i investerings-programmet no, men at vi gjer ei ny vurdering i tertialrapport 1/18. Erfaring frå andre prosjekt viser at det ofte kjem uføresette kostnadar i slutfasen av prosjekta. Dette har resultert i naud-synte tilleggsløyvingar. Om det kjem tilsvarande uføresette kostnadar knytt til fv. 60 Ugla – Skarstein, eller i andre prosjekt, vil vi såleis ha ein betre oversikt over ved rapportering pr. 1 tertial 2018.